

**Kommunen har laga film - vert lagt ut i dag, på 17. mai.**

**15.05.2020**

# 17. MAI 2020

## I KVINNHERAD KOMMUNE

I år heiser vi flagget, om mogeleg, endå høgare i flaggstonga! Og vi står endå tettare saman, som nasjon og som folk. I år er samhald og omsorg viktigare enn før.

Vi skal feire meir, og vi skal feire kvar for oss, - i mindre grupper, og med meir avstand oss i mellom. Det blir ikkje barnetog og store felles middagar, men det blir blomar, song og hurra-rop, det blir mykje god mat, iskrem og musikk! Vi skal heidre nasjonaldagen vår, særskilt i år!

Vi har i denne samanhengen laga ein film. Med russefeiring, flaggheising, nasjonalsongen vår, tale av ordføraren, born og hurra-rop! Vi står saman denne 17. mai-dagen i 2020, og viser kvarandre kva samhald og fridom betyr for oss alle.

Filmen vert publisert på nasjonaldagen.



KVINNHERAD  
KOMMUNE